



## Referat

### Møte Helse Førde og helsegruppa i Sogn regionråd

Deltakarar:

Møtedato: 24.9.2018

Helse Førde:

Referent: Karina Nerland

Arve Varden, administrerande direktør

Tom Guldhav, klinikkdirktør kirurgi

Margun Thue, stadleg leiar Lærdal sjukehus (video)

Sogn regionråd:

Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune

Arild Ingar Lægreid, ordførar Årdal kommune

Helge Ulvestad, konsulent

Karina Nerland, dagleg leiar

#### Ultralyndundersøkingar for gravide ved Lærdal sjukehus

Sogn regionråd hadde bedt om møte for å gje innspel og drøfta løysingar for å få etablert ultralydutstyr ved Lærdal sjukehus. Innleiing med gjennomgang av status og utfordringar knytta til å etablera ultralydtenesta. Presentasjonen er lagt ved.

Helse Førde er positiv til etablering av tenesta, men vurderer at investeringa har høg kostnad i høve til bruken. Helse Førde ville prioritert andre grupper der reiser vert opplevd som meir belastande. Reiseutgifter ville Helse Førde rekna ut på anna måte. Jordmor som vert tilsett må ha tilknytting til fagmiljøet ved Førde sentralsjukehus.

For 2018 var gynekologteneste innsparingstiltak. Det vert sett på løysing for å få denne tenesta inn att med 2 dagar pr månad. Frå 2020 vil Helse Førde tilsetja gynekologar og kan då tilby utvida tenesta ved Lærdal sjukehus og utvida bruk av ultralydutstyret.

Helsegruppa signaliserer at løysing kan vera at regionrådkommunane finansierer nytt utstyr. Helse førde vil vurdera kva krav som skal stillast til utstyret slik at det seinare kan få utvida bruk, og treng om lag ein månad til å vurdera kravspesifikasjon. Kostnad for utstyr vil vera om lag kr 600 000.

Andre investeringsbehov ved Lærdal sjukehus er vedlikehald av bygg og fornying av dialyseutstyr.

## **Pasientstraumanalyse – rapport om kartlegging av behov og tenester ved Lærdal sjukehus**

Innleiing om regionrådet sine kommentarar til rapporten om kartlegging av behov og tenester ved Lærdal sjukehus. Presentasjonen er lagt ved. Rapporten viser til behov for bevisst haldning til ruting av pasientar, tilpassing til framtidig behov i befolkninga, rekrutteringsutfordringar og at ortopediavdelinga vert sikra i framtida.

Helse Førde viste til at det er utfordring med å rekruttera innan ortopedi, til liks med store sjukehus. Det er aktuelt å utdanna eigne spesialistar og sjå legeressursane på tvers av sjukehusa.

Det har vore møte like etter rapporten kom, men det er behov for sterkare deltaking frå kommunane.

Kommunane ser behov for at leiinga besøker aktuelle legekontor og informerer og drøftar utfordringar i samarbeidet.

Helse Førde melder tilbake at dei kan drive meir oppsøkande verksemد og informera betre på dei arenaene som finst for å få fram tenestene ved Lærdal sjukehus.  
Praksiskonsulenten kan brukast i dette arbeidet.

Helse Førde kjem til å vurdera betre løysing for lokal leiing og finna moglegheitsrommet utan å rokke ved klinikstrukturen.

Kommunane har forventning til at Helse Førde tek signala i rapporten på alvor og sikrar tydelegare samordning og sentral leiing sjølv om ein held fast ved klinikstrukturen.